

STRATEGI FOR BRUK AV

TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE

VIK KOMMUNE 2021-2023

vedteke i Vik formannskap 06.05.21.



Innhold

Innleiing og lovgrunnlag	2
Beiteområder i Vik	2
Aktuelle tiltak	2
Søknad og kommunal handsaming	3



INNLEIING OG LOVGRUNNLAG

Overordna reglar for tilskot til tiltak i beiteområde er fastsette i forskrift, ordninga vart overført til kommunane frå Fylkesmannen (Statsforvaltar) i 2020. Tilskota skal medverke til best mogeleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Kommunen skal ha ein eigen tiltaksstrategi som fortel korleis det skal prioriterast mellom dei ulike typane av tiltak lokalt. Tiltaksstrategien skal ikkje vera ein omfattande analyse, men kortfatta. Den skal skissera kva som er viktigast i vår kommune ut ifrå føremålet med ordninga.

Det er primært beitelaga som kan søkja gjennom denne ordninga. Avdeling for plan og forvaltning har ansvar for handsaming av søknadane i Vik kommune. Statsforvaltaren i Vestland gjev kommunane rammeløyving årleg, og bruk av midlane skal rapporterast til Statsforvaltaren.

Heimel og lokal forankring

Tiltaksstrategien i Vik kommune for tilskot til tiltak i beiteområde skal fastsetjast innafør rammene til forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av 2013- sist endra 01.01.21, og rundskriv 2019-45 - forvaltning av forskrift om tilskudd til beiteområder.

BEITEOMRÅDER I VIK

Landbruksaktivitet og beitedyr har vore ein viktig faktor i utforming av landskapsbiletet i Vik kommune. Fjellområda i kommunen vår har unike beiteressursar som gjev god slaktekvalitet på dyr som har beita her. Ved tilrettelegging av desse beiteområda styrkjer ein matproduksjonen og utnyttar verdifulle naturressursar.

AKTUELLE TILTAK

Prosjekt som kan støttast med midlar frå ordninga *tilskot til tiltak i beiteområde* er m.a:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar
- Ny organisering av beitelag og utmarksområde
- Prosjekt for stimulering av auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Utprøving av nytt utstyr for effektiv og god beitebruk
- Sperregjerde. Kommunen set som ein føresetnad for støtte til sperregjerde at gjerdet ikkje avskjer kjend/-e trekkpassasje/-ar for villrein.
- Ferister av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar.
- Bruer dimensjonert for føring av beitedyr
- Gjetarbu inntil 20 m²



- Sanke- og skilleanlegg
- Transportrampar
- Saltsteinsautomatar
- Rydding og utbetring av drifteveggar
- Elektrisk gjerde
- Elektronisk overvåkingsutstyr (radiobjølle, Findmysheep, drone, lammenoder, merkeavlesar m.m)
- Vegetasjonskartlegging
- Utarbeiding av beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan ol. for utmarksbeite
- Andre tiltak som er i tråd med formålet til tilskotsordninga.

Mål og prioriteringar

Hovudmålsetjinga med tilskot til tiltak i beiteområde er å stimulere til føremålet i forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder som lyder:

§1. Formål

Formålet med tilskuddet er å legge til rette for best mulig utnyttelse av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområdene.

Tiltak som skal prioriterast:

Ved løyving av midlar skal fylgjande leggast vekt på ved prioritering:

- Tiltak som fremmar dyrevelferda på utmarksbeite
- Tiltak som er til nytte for beitedyra, grunneigarar og ålmenta
- Områder og tiltak som har påverknad for å ivareta beiteressursar med både natur og kulturminneverdi

SØKNAD OG KOMMUNAL HANDSAMING

Søknad skal sendast til kommunen elektronisk via søkeportalen Altinn.

Søknadsfrist er: 01.april

Søknad må innehalda fylgjande:

- Målsetjing for omsøkt tiltak
- Kostnadsoverslag
- Kart merka der tiltaket skal gjennomførast
- Foto og/eller teikning av omsøkt tiltak
- Avtale med grunneigar som tiltaket skjer på dersom dette er på leigd areal/i sameige.



For eigeninnsats blir fylgjande satsar godkjende

- | | |
|---------------------------------------------------|-------------|
| • Planlegging av tiltak (ut over søknadsskriving) | 200 kr/time |
| • Manuell utført eige arbeid: | 350 kr/time |
| • Bruk av motorsag, ryddesag ol. | 450 kr/time |
| • Bruk av traktor med reiskap | 600 kr/time |
| • Bruk av gravemaskin fom. 4 tonn | 800 kr/time |

Søknad skal sendast til den kommunen der tiltaket skal gjennomførast. Dersom tiltaket strekkjer seg over to eller fleire kommunar, skal søknaden sendast til den som er mest berørt av tiltaket.

Tiltak for å redusere tap og konfliktrar i samband med rovvilt, vert dette dekkja over F.K.T-midlar jf. *forskrift om tilskudd til forebyggjende tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak av 01.01.13*. Dersom det er tvil om formålet med ein søknad primert er innafor FKT, bør dette drøftast med søkjar, og alternativt kan kommunen gi rettleiing om søknadsprosedyre for søknad om F.K.T- midlar.

Kommunen har ansvar for å kunngjere tilskotsordninga, fastsetje søknadsfrist, handsame søknader og betale ut tilskot gjennom fagsystemet Agros. Fullmakt til handsaming er delegert til administrasjonen. Søknader vert handsama i Agros og er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren er klageinstans.

Tilskotsnivå

Rammetildelinga for enkeltåret vil vere grunnlag for tilskot.

Det kan ytast eingongstilskot med inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.

For inntil 50% av dyretalet i beitelaget eller besetningen, kan det ytast eingongstilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag med investering av elektronisk overvåkingsutstyr.

Det kan ytast eingongstilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag ved planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

Kommunen kan vektleggje søkjar sin eigenfinansiering (målt i kroner eller eigeninnsats) som eit kriterium for prioritering av søknader.

Retningslinene bør sjåast i samanheng og koordinerast med tiltaksstrategien for *spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)*, då det kan vere aktuelt med tiltak som kan koma inn under begge ordningane.



Vilkår

Kommunen set vilkår for kvar enkelt tiltak for å sikre at tiltaket vert gjennomført forsvarleg etter lover og forskrifter, og at det vert sikra framhald av skjøtsel og vedlikehald av tiltaket over tid.

- I forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder er det sett vilkår om at lag og foreningar som kan tildelast midlar etter denne forskrifta skal vere registrert i einheitsregisteret. For føretak der det av naturgitte eller driftsmesige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid kan stønad tildelast jf. forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder § 2, der foretaket har rett til produksjonstilskot etter § 3 og § 4 i forskrift om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket. Stat, fylke og kommune må søkje gjennom lag eller foreningar der ein eller fleire tilskotsberettiga eigedomar er med.
- Det kan ikkje bli gitt tilskot til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde som er leigd på ein periode mindre enn 10 år.
- Tiltaket det vert søkt om skal ikkje vera påbegynt før søknad vert sendt inn.
- Det skal ikkje bli gitt nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot av elektronisk overvakingsutstyr.
- Frist for gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet er 3 år fra tilskudd blir innvilga, med mindre kommunen har sett ein kortere frist i innvilga søknad.
- Der det føreligg relevante godkjende planar (beitebruksplanar, tiltaksplanar m.m.) bør tiltaka vere i samsvar med planane.

Søknader kan avvisast dersom den ikkje oppfyller målet med ordninga, bryt med vilkåra i § 2, eller er sendt inn etter søknadsfrist

Utbetaling

Før kommunen kan tilvise sluttutbetaling av løyvd tilskot, må det liggje føre rapport med sluttrekneskap, og gjerne bilete/der det «høver med bilete». Ved behov skal kommunen synfare tiltaket for ferdig-godkjenning. Det kan gjevast delutbetaling etter kvart som prosjektet vert utført og det ligg føre dokumentasjon på dette. Minst 25% av tildelt tilskot skal haldast attende til alt arbeid er fullført og sluttrapport og rekneskap er godkjent.

